H. Winter-Hjelm.

Fridtjofs Saga.

I Omskrift i det nyere Landsmaal

ved

Ivar Aasen.

Udgivet af

Selskabet for Folkeoplysningens Fremme.

Tredie Tillægsheste til „Folkevennen",

syvende Aargang 1858.

Kristiania.

Trykt i W. C. Fabritius's Bogtrykkeri.

1858.

Fridtjofs Saga.

I Omskrift i det nyere Landsmaal

ved

Ivar Aasen.

Udgivet af

Selskabet for Folkeoplysningens Fremme.

Tredie Tillægshefte til „Folkevennen",

syvende Aargang 1858.



Kristiania.

Trykt i P. T. Mallings Bogtrykkeri.

1858.

Fortale.

Dat er vist mange her i Landet, som hava høyrt gjetet „Fridtjof" og leset um honom; men dat er inkje so mange, som hava leset dan rette gamle Fridtjofs Saga. For dat heve gjenget med henne som med ymse andra Fornskrifter, at ho heve voret umgjord med nye Tilskot i dei seinare Tider, og desse nyare Umgjerderna hava vordet myket meir vidkunnige en Fornskrifti sjølv.*

Dan rette Fridtjofs Saga er ei av dei mange Sagor, som ero skrivna i forna Tider, lenge fyrr en Prentekunsten var tilkomen, og som sidan hava voret samnade og gjøymde til desse Tider. Ho skal vera skrivi umkring Aaret 1300 og vonlega paa Island; men baade Tid og Stad er myket uviss. Dat finst endaa tvo serskilda Uppskrifter av henne, som ero myket lika i Tilburden, men ulika i Stil og Ordalag, og dan eine er myket stuttare en dan andre. Dei ero baada prentade i „Fornaldar Søgur" (Andre Bindet, Kjøbenhavn 1829), soleides at dan lengste Uppskrifti er sett som dan fyrste og beste. Etter henne er dat, at denne Umskrifti er gjord.

1 *

Dat finst og ei Saga um Torstein Vikingson, Fader til Fridtjof; men dan Saga ser ut til aa vera diktad, og er so full av Skrjonor og Trollskap, at ein inkje kann rekna henne fyre annat en eit Eventyr. I dan Maaten er Fridtjofs Saga myket betre; for her er daa dei fleste Tilburdarne mogolege og trulege. Vistnog er dat inkje fritt fyre Trollskap her helder; men dat er inkje meir, en som ofta kann finnast i dei sannaste Sagor, og som ein lett kann orsaka, naar ein veit, at denne Talen um Galder og Hamskifte og meir slikt var aalmenneleg Tru i gamle Dagar og langt seinare, en daa desse Bøkerna vaaro skrivna. Fyre di kunde Saga i seg sjølv vera sannferdeleg lika fullt; men darimot kunde dat helder vera andre Tilbrag til Tvilsmaal um denne Saga, slike som dat, at desse Kongarne, som her ero nemnde, finnast inkje nemnde i dei gamle Ættartali fraa dan Tidi fyre Harald Haarfagre, og lika eins, at Kong Ring's Rike nemnest paa tvo elder tri Maatar (Ringarike, Alfheim og, i dan minste Saga: Sverike), og at nokre Stadanamn (Framnes, Baldershagen, Streitoland) ero anten reint ukunnige elder myket tvilsame. Dat er soleides vandt aa vita, kor myket som er truande av sjølve Segni; men lika fullt kann dat daa vera ei gomol Fraasegn, som heve gjenget mannamillom i forna Tider og berre fenget ymise Avbrøyte i dan lange Tidi, fyrr en ho vardt uppteknad. Og vist er dat, at denne Saga heve voret myket vyrd, av di ho heve eit forvitnelegt og hyggjelegt Ihald og giv so gode Minningar um Sederne og Tilstandet i Forntidi, at ho kann vera lika so væl til Gagn som til Gaman.

Dan svenske Skalden Tegnér (daaen 1846) heve teket denne Saga til Grunnlag til eit Dikt, som er vordet myket vidkunnigt og er umskrivet baade paa Dansk og paa andre Maal. Dat er eit fagert Skaldaverk, som kunnigt er; men dat er leidt, at dat skulde heita „Frithjofs Saga“; for dat er daa inkje dan gamle Saga, kor som er. Nokre Stykke ero tillagde etter andra Fornskrifter: Raaderna, som Bele og Torstein giva Sønerne sine, ero mesta etter Haavamaal; „Vikingabalken“ er etter Halfs Saga; Segni um Sverdet Angurvadel og meir slikt er etter Torstein Vikingsons Saga. Men so er dar ymise andre Ting, som Diktaren sjølv heve sett inn i; soleides dat, at Fridtjof strider med Atle Viking, at han sløkkjer paa Elden i Gudasalen, at han fer til Sogn og set upp atter Baldershagen, fyrr en han fær Ingebjørg, og at Kong Helge fell paa ei Herferd til Bjarmaland. Paa dan Maaten kann væl Segni hava fenget ei større Pryda og gjera ein større Verknad; men dat er inkje lenger dan rette gamle Fraasegni; dat er inkje „Frithjofs Saga“.

Naar rett skulde vera, skulde mid her i Landet inkje turva nokra Umskrifter av dei gamle Sagorna; helder skulde mid lesa deim i dat gamle Maalet, som dei ero skrivna i. So gjera Islendingarne, og difyre ero dei so væl kjende med dat gamle Maalet og dei gamle Minni um vaare Forfeder. Men sidan Folk ero no so litet vane til aa lesa dei gamle Skrifterna, so vilde dat verda myket tungført fyre dei fleste aa lesa deim utan nokot Avbrøyte. Og sidan mid endaa i største Viddi av Landet hava eit gjengelegt Maal, som er myket likt dat gamle, naar

dat verd skrivet paa ein rettskapad og samhøveleg Maate, so vil ei Saga inkje tapa so ovlega myket endaa, naar ho verd umskrivi i dat nyare Maalet. Dat er endaa Raad til aa bruka myket dei same Ordi, som i dan gamle Saga, og dat er ogso Raad til aa minna seg atter paa mange gamle Ordalag, som no ero litet kjende og paa mange Stader avlagde, men som lettelega kunde friskast uppatter, og som endaa i minsto ero større Vyrdnad verde en dei mange framande og vanskapade Ordi, som strøyma inn til oss ifraa andra Sidor.

Denne Umskrifti av Fridtjofs Saga er soleides ein Freistnad til aa føra ei Fornskrift ifraa dat gamle til dat nyare norske Maalet. Ordalaget heve her vordet nokot gamaldagslegt, av di dat er lagat etter Fornskrifti; men ymse Ord, som inkje ero allstad kunnige, ero tydde i ein liten Merknad nedst paa Bladet, og dat same er gjort med nokre Ord (som Tign, Hyrd, Grip), som inkje no ero i Bruk, men som vilde vera myket brukføre og nytlege baade i Skrift og Tale.

Namnet paa Hovud-Mannen i denne Saga heve eg skrivet „Fridtjov", sidan dar er fleire Namn i Saga, som enda med „Tjov", og denne Skrivemaaten høver best til Talen, som no er brukleg i Landet.

1. Um Kong Bele og Torstein.

Denne Saga byrjar med di, at Kong Bele[1] styrde Sygna-Fylke.[2] Han hadde try Born, ein Son, som heitte Helge, ein annan, som heitte Halfdan, og ei Dotter, som heitte Ingebjørg og som var myket væn og vitug; ho var dat fremste og beste av Konungs Bornom. Dar gjekk ei Strand vestanfyre Fjorden og dar var ein stor Gard, som var kallad Baldershagen; dar var Fredstad[3] og eit stort Hov (elder Gudahus) med ein stor Skidgard i Kring. Dar var mange Gudar, men Balder var dan, som var dyrkad mest. Dei heidne Folki hadde voret myket vandsame um denne Staden og gjort dan Fyregjerdi, at dar skulde ingen gjera nokon Skade korkje paa Folk eller Fe; inkje helder skulde Karlmenner hava nokot Samlag med Kvendi dar. Dat, som Kongen raadde fyre, heitte Syrstrand; men paa hi Sida aat Fjorden stod ein Gard, som heitte Framnes, og dar budde ein Mann, som heitte Torstein og var Vikings Son. Garden hans vende beint imot Kongsgarden. Torstein hadde ein Son med Kona si; han heitte Fridtjov[4] og var dan storste og sterkaste av alle Menner og best buen til alle Idtrotter[5] alt ifraa fyrste Ungdomen. Han var kallad Fridtjov hin frokne[6]

---

[1]) Leset næsta som Bæle (med same E som i Sele, Tele, Spel); inkje Beele. — [2]) Sogn, i Bergens Umdøme. — [3]) I Fornskrifti „gridastadr", d. e. fredheilag Stad, dar ingen hadde Løyve til aa yppa Ufred. — [4]) Eigenlega Fridthjof, Friðþjofr, so myket som Fred-Tjov (Fredtjuv), dan som stel Freden; soleides: ein Stridsmann, „ein Ufredar-Fugl". — [5]) Mannsverk. — [6]) Frøken: djerv, herdig, myket fyre seg.

og var so vinsæl, at alle unte honom godt. Konungs Borni vaaro unge, daa Moder deira døydde. Daa var dar ein god Bonde inn i Sogn, som heitte Hilding; han baud seg til aa taka Kongsdotteri til Fostring, og sidan var ho uppfodd hjaa honom baade væl og vyrklega. Ho var kallad Ingebjorg hin fagre. Fridtjov var og i Fostring hjaa Hilding Bonde, og han og Kongsdotteri vaaro Fostersystkyn; dei vaaro so gjævelege, at dei gingo fram um alle andre Born. No vardt dat smaatt med Kong Bele, og Lausoyren hans gjekk myket or Hondom, sidan han vardt gamall. Men Torstein hadde ein Tridjung av Riket til Forraad,[1] og av honom hadde Kongen sin storste Styrke. Torstein gjorde Veitsla[2] fyre Kongen tridjakvart Aar med myken Kostnad, og Kongen gjorde Veitsla tvau Aar fyre Torstein. Helge Belason vardt tidlega ein stor Blotmann;[3] men korkje han elder Broderen var nokot vinsæl. Torstein aatte dat Skipet, som heitte Ellide;[4] dat var so stort, at dar rodde femtan Mann paa kvart Bord; dat hadde bogne Stamnar og var ramlegt[5] som eit Havskip; Bordet paa dat var spengt med Jarn. Fridtjov var so sterk, at han rodde med tvo Aarar i Halsromet paa Ellide, og kvar Aar var trettan Alner lang; men i dei andre Romi var dat tvo Mann um kvar Aar. Dat tykte alle, at Fridtjov var ei Makaløysa fram fyre andre unge Menner i dei Tidom; men Kongssonerne ovundadest myket paa detta, at han var meir lovad en dei. No kom dat dartil, at Kong Bele

---

[1]) Elder Fyreraad, Styring. — [2]) Veitsla (ofta uttalat Vesle): Gjestabod. Av veita, d. e. giva, lata til; serlega: giva Gjestabald. — [3]) Blot (les Bloot) var Forner elder Offring til Gudarne; Blotmann, ein som offrade tidt. — [4]) Leset Eellide, elder næsta Eellede; samansett av El (Vedr, Vindflaga) og Lide (Fylgjar, Gangar, som „lid" elder gjeng); soleides: dan som gjeng med Vedret, elder fylgjer Vinden. — [5]) sterkt.

fekk Sott, og daa dat drog aat med honom, kallade han til seg Sonerne sine og talade med deim. „Denne Sotti vil leida meg til Bane“, sagde han, „men dat vil eg bidja dikkor, at did skulo hava dei gamle Vinerne, som eg heve havt; for dat synest meg so, at dat skortar dikkor myket imot slike Menner som Fedgarne[1] Torstein og Fridtjov, bæde i Manndom og Raadagjerd. Og so skulo did kasta upp ein Haug etter meg“, sagde han, og daretter døydde Kong Bele. Sidan lagdest ogso Torstein i Sott, og daa talade han med Fridtjov og sagde til honom: „Dat vil eg bidja deg, Frende, at du stiller Huglyndet ditt og vægjest fyre Konungssonom; for dat somer seg best fyre dan Tigni,[2] som hoyrer deim til; ellerst tykjest eg hava goda Voner um dine Maalemne. No vil eg vera hauglagd ned med Sjoen paa denne Sida aat Fjorden og midt imot Haugen etter Kong Bele; daa skal dat rett verda hoglegt[3] fyre oss aa ropa til kvarannan etter Tidende“. Noket litet daretter andadest Torstein, og daa vardt han hauglagd, som han hadde fyre sagt; men Fridtjov tok Land og Lausøyre etter honom. Fridtjov hadde tvo Fostbroder, som heitte Bjørn og Asmund; og dei vaaro ogso store Menner og sterke.

2. Fridtjov bidlar til Ingebjørg.

Fridtjov vardt dan frægaste[4] Mann og stod seg raustlega i alla Mannrauner.[5] Bjorn Fostbroder sin vyrde han mest, men Asmund tenade deim baade. Skipet Ellide var dan beste Eignalut, som Fridtjov fekk etter Fader sin,

---

[1]) Fedgar er Fader og Son. — [2]) Tign er høg Verdleike, Heider, Storvyrde (Majestet). — [3]) Høgleg: lett. — [4]) Fræg: gild, gjæv; eigenlega: vidspurd. (Av frega: spyrja). Hertil Frægd: Æra. — [5]) Manna-Prøvor, Faarar som røyna Mannen.

og ein annan Grip[1] var ein Gullring, som var so god, at dat fanst ingen dyrare i Norig. So myken Fagna-Mann var Fridtjov, at dei fleste Folk leto dei Ordi ut, at han var inkje mindre Byrdnar-Mann en Broderne Helge og Halfdan utan fyre Konungs-Tigni. Difyre lagde Kongarne Illhug og Uvinskap paa Fridtjov og likade myket illa, at han var kallad meir Mann en dei. Dartil tyktest dei ogso merka, at Ingebjørg, Syster deira, og Fridtjov lagde Hugen saman. No leid dat til, at Kongarne skulde søkja Veitsla hjaa Fridtjov paa Framnes; og dar gjekk dat, som dat fyrr hadde gjenget, at alle fingo storre Vælgjerd, en dei kunde venta. Dar var Ingebjørg med, og Fridtjov talade lenge med henne.[2] — Sidan foro Brøderne heim, og etter dan Tid voks Ovundi deira mot Fridtjov. Nokot seinare vardt Fridtjov myket sturen og uglad; Bjørn Fostbroder hans spurde honom daa, kvat dat skulde tyda; og Fridtjov svarade, at han hadde fenget dat i Hugen, at han vilde bidla til Ingebjørg. „Um eg endaa heve mindre Namnabot en Brøderne hennar, so er eg daa inkje mindre Mann fyre dat," sagde han. Bjørn talde til, at han skulde gjera dat. Sidan fekk Fridtjov nokre Menner med seg og for avstad og fann Broderne. Kongarne saato paa Haugen, dar Fader deira var nedsett; Fridtjov helsade deim fagert, og sidan bar han upp Bønordet sitt og bad um Syster deira, Ingebjørg Beladotter. Kongarne sagde: „Inkje var dat myket vislegt aa koma med slikt eit Maalemne, at mid skulde gifta henne med ein utigen[3] Mann; dat

---

1) Grip er same som Eignalut, kosteleg Ting. — 2) Her er tillagt i Saga: „Kongsdotteri sagde til honom: Du heve ein god Gullring. Sant er dat, segjer Fridtjov". Desse Ordi synast inkje høva paa denne Staden. — 3) Utigen, som inkje heve „Tign," inkje er av Konga-Ætt elder Hovdingastand.

vilja mid aldri paa nokon Maate gjera". Fridtjov svarar: „Daa er mi Ærend snart gjord; men dat skal eg lova til Attergjeld, at eg aldri skal gjera dikkor nokor Hjelp heretter, um did skulde turva dat". Dei sagdest aldri skjoyta nokot um dat. Sidan for Fridtjov heimatter og var gladvoren lika som fyrr.

3. Ufred med Kong Ring.

Dat var ein Konung,[1] som heitte Ring og som raadde fyre Ringarike; dat er ogso i Norig. Han var ein rik Fylkeskonung og ein gild Mann; men han var alt komen nokot langt fram i Aldren. Han sagde til Mennerne sine: „No heve eg spurt, at Sønerne etter Kong Bele hava spilt Vinskapen med Fridtjov, som er dan frægaste av dei fleste Menner; no vil eg senda Menner til desse Kongarne og bjoda deim slike Koster,[2] at dei anten skulo ganga under meg og giva meg Skatt, elderso skal eg gjera ein Her av imot deim; og daa vil Riket deira liggja laust fyre; for dei hava korkje Mannstyrke elder Vitmuner til aa setja imot meg, og dat skulde vera ei stor Frægd fyre meg paa mine gamle Dagar aa faa deim underkugade." Sidan foro Sendemenner fraa Kong Ring og funno Broderne Helge og Halfdan i Sogn og sagde til deim: „Kong Ring sende dikkor Bod, at did skulo senda honom Skatt, elder so vil han herja paa Riket dikkar". Dei svarade, at dei inkje vilde læra dat i Yngdi, som dei inkje vilde kunna i Aldren, at dei skulde tena honom med Vanvyrding. „No skulo mid samna alt dat

---

[1]) Konung er dan gamle Form, og „Kong" er berre ei Avstytting, lika eins som „Pengar" fyre Peningar. — [2]) Kost: Val; Tilbod. (Av kjosa, ɔ: velja).

Folk, som mid faa", sagde dei, og so var gjort. Men daa dei tykte, at Lidet[1] deira vardt litet, so sende dei Hilding Fostre til Fridtjov, at han skulde bidja honom fara til Lids med Konungom. Fridtjov sat ved Nevatavl (dat er eit Terningspel elder Skakspel), daa Hilding kom inn og talade til honom: „Kongarne vaare sende deg Helsing, at dei vilde hava ditt Lidsinne til Striden imot Kong Ring, som vil ganga paa Riket deira med Urett og Offe". Fridtjov svarade honom inkje og talade berre til Bjørn, som han tevlde[2] med: „Dar er eit Bil imillom, Fostbroder, og dat fær du inkje brøyta; helder vil eg setja paa dan raude Tavla og sjaa, um ein kann faa henne frelst". Hilding sagde endaa: „Helge Konung bad meg segja deg, Fridtjov, at du skulde fara med i denne Herferdi, elderso skulde du faa harde Koster, naar Kongarne koma atter". Bjørn sagde daa til Fridtjov: „Dar er Tvikost, Fostbroder, og tvo Maatar til aa spela seg darifraa". Fridtjov segjer: „Daa er dat beste Raadi aa sitja fyrst etter Neven, og daa vil Tvikosten inkje vera traud".[3] Annat Svar fekk inkje Hilding paa Ærendi si; og difyre for han beinaste tilbaka til Kongarne og sagde deim, kvat Fridtjov hadde sagt. Dei spurde Hilding, kvat han trudde, at desse Ordi skulde tyda. Hilding segjer: „Naar han rødde um eit Bil, daa munde han tenkja paa eit Bil elder Langdrag i denne Ferdi med dikkor; og daa han letst vilja setja aat dan raude Tavla, daa hadde han ein Tanke til Ingebjørg, Syster dikkar; difyre skulo did gjæta henne væl; og daa eg lovade honom Hardkoster fraa dikkor, daa kallade Bjørn dat Tvikost, men Fridtjov sagde, at ein skulde fyrst leggja aat Neven: dar-

[1]) Lid (Le'): Fylge, Folkahjelp, Folk. — Lidsinne: Hjelpsemd. — [2]) spelade. — [3]) Vonlega so, at daa vil dat vera greidare aa sjaa Utvegen. „Neven" skal vera „Kongen" i Spelet. Ellerst er desse Ordi um Spelet nokot vande aa skyna.

med tenkte han paa Kong Ring". Sidan budde Kongarne seg ut til Ferdi; men fyrst leto dei flytja Ingebjørg inn i Baldershagen og aatta andre Kvende med henne. So forherdig maatte daa inkje Fridtjov vera, sagde dei, at han skulde søkja henne dar; for dat er ingen so djerv, at han gjerer nokot Mein paa dan Staden. Sidan foro Broderne sud etter til Jadren[1] og daa møtte dei Kong Ring i Soknarsund. Kong Ring hadde vordet myket reid[2] fyre dat, at desse Broderne hadde sagt, at dei tykte dat vera Skam aa berjast[3] med ein Mann, som var so gamall, at han inkje kunde stiga paa Hestabaket utan med Studning.

4. Fridtjov lydest til Ingebjørg.

So snart som Kongarne vaaro burte, tok Fridtjov paa seg Heidersklædi sine og sette dan gode Gullringen paa Handi si; sidan gingo dei Fostbroderne ned til Sjoen og sette Elliden paa Flot. Bjørn sagde: „Kvart vil du no halda, Fostbroder?" Fridtjov svarar: „Til Baldershagen og skjemtast med Ingebjørg". Bjørn mælte: „Dat er inkje gjerande, for daa gjerer du Gudarne reide paa deg". Fridtjov sagde: „Dat skal eg no vaaga kor som er, og dartil vyrder eg meir um hennar Hyllesta en um Balders Reide". Sidan rodde dei yver Fjorden og gingo upp til Baldershagen og inn i Stova til Ingebjørg; dar sat ho med aatta Gjentor; og dei, som komo inn, vaaro ogso aatta; og daa dei komo dar, so var dar altsaman tjeldat med Pell[4] og dyre

---

[1]) Jadren (sunnanfyre Stavanger) er i Talen forvendt til „Jæren" (Jedren). — [2]) reid (rei'e): harm, sinnad. (Svensk og Dansk: vred). So og: Reide (Sv. og D. Vrede). — [3]) berjast: slaast, halda Slag. — [4]) Pell er eit gamalt Namn paa eit dyrt og fint Vevnad-Slag, kanskje Atlask elder nokot slikt.

Dukar. Ingebjørg reiste seg upp og talade: „Kvi er du so djerv, Fridtjov, at du er her komen utan Løyve av Brødrom mine og gjerer Gudarne reide paa deg". Fridtjov segjer: „Kor dat kann vera med dat, so vyrder eg meir um di Elska en deira Reide". Ingebjørg svarar: „Her skal du vera vælkomen og alle dine Menner". Sidan gav ho honom Rom til aa sitja hjaa seg og drakk honom til med Vin av beste Slaget; og soleides saato dei dar og skjemtade seg.[1] Daa saag Ingebjørg den gode Ringen paa Handi hans og spurde, um han aatte denne Eignaluten; Fridtjov sagdest eiga honom, og Ingebjørg rosade Ringen myket. Fridtjov sagde: „Denne Ringen skal eg giva deg, um du lovar, at du inkje vil lata honom fraa deg, og at du vil senda honom til meg, naar du inkje vil hava honom; og hermed skulo mid lova kvart-annat Truskap". Med denne Trulovingi skifte dei Ringarne sine. Fridtjov var ofta i Baldershagen um Næterna, og kvar Dag kom han dar dessimillom og skjemtade seg med Ingebjørg.

5. Fridtjov og Kongarne sættast.

No er dat aa segja um Broderne Helge og Halfdan, at dei funno Kong Ring, og at han hadde meir Mannstyrke; daa gingo Menner imillom og søkte um Sætt,[2] at dat inkje skulde verda nokon Ufred. Kong Ring sagdest vilja dat paa dan Maaten, at Kongarne skulde ganga under hans Vald og gifta honom Syster deira, Ingebjørg hin fagre, med ein Tridjung av alle deira Eigner. Kongarne

---

[1]) I Staden fyre „skjemta" er no oftaste sagt: moroa, trøya, skjala. — [2]) Sætt er Fredgjerd elder Semja etter ei Trætta. „Sættast": semjast paa nytt. („Forlik" og „forlikast" ero framande Ord).

lovade detta, av di dei saago, at dei fingo for myket Over-evle aa strida imot; og so vardt denne Sætti stadfest, og Bryllaupet skulde standa i Sogn, naar Kong Ring kom dar etter Festarkona si. Brøderne foro heim med Folket sitt og vaaro myket illa nøgde med Ferdi. Daa no Fridtjov hadde Von til dess, at Brøderne skulde koma heim, so sagde han til Kongsdotteri: „Væl og fagert hava did teket imot oss her, og Balder Bonde[1] heve inkje vist oss nokon Uvilje; men naar did no vita, at Kongarne dikkar ero heimkomne, so skulo did breida Blæjorna dikkar ut yver Disarsalen;[2] for han er dan høgste her paa Garden; daa kunna mid sjaa dat yver Fjorden burt paa Bøen vaar". Kongsdotteri segjer: „Inkje hava did havt annan Manns Døme aa fara etter[3] (for dat var vist ingen annan, som torde koma her); men dat er vist, at naar did koma, so hava mid vaare Viner aa fagna".[4] Sidan for Fridtjov heim, og næste Morgonen daretter gjekk han tidlega ut, og daa han kom inn atter, kvad han so:

Dat maa eg segja,
Seggirne[5] mine,
at no er dat gjort
med Gaman-Ferdom.
Inkje mid skulo
til Skipet ganga;
for no ero Blæjor
paa Bleiki komna.

---

[1]) Tyder her: Husbonde, Husfader. — [2]) Disarsal: Gudahus i Heidenskapen. (Diser: Gudar av Kvende-Kyn, Gydjor). — [3]) Elder: Inkje hava did faret aat som annat Folk. (Døme: Exempel). — [4]) Fagna: taka imot. — [5]) Segg er Mann elder Karl. Her er dat sett fyre Bokstav-Rimet, som er so, at tvau nærstadde Ord skulo byrja med like Bokstavar; soleides her: segja og Segg, gjort og Gaman, skulo og Skip, Blæjor og Bleik.

Daa gingo dei ut og saago, at heile Disarsalen var takt med bleikte Lereft. Daa sagde Bjørn: „No muno Kongarne vera heimkomne, og daa faa mid stutta Stunder til aa sitja i Ro; no tenkjer eg, dat er beste Raadi aa samna Folk“; og so var gjort, og ein heil Manna-Muge dreiv saman dar. Broderne fingo snart spyrja um Fridtjovs Framferder og lika eins um Folkastyrken hans. Kong Helge mælte: „Dat tykjer eg vera eit Under, at Balder skal tola all Skam av Fridtjov og hans Fylge. No skulo mid senda Menner til honom og faa vita, kvat Sætt han vil bjoda oss; elder og skal han faa Bod um aa fara ut or Landet; for eg ser inkje, at mid hava Avl[1] til aa berjast med deim denne Gongen“. Hilding Fostre bar Ærendi fraa Konungom til Fridtjov, og Fridtjovs Viner komo til; dei sagde til honom: „Dat vilja Kongarne hava i Sætt av deg, Fridtjov, at du heimtar Skatten av Orknøyom, som inkje heve voret utreidd, sidan Kong Bele do;[2] for Kongarne turva Peningen, naar dei skulo gifta Ingebjørg, Syster si, med myken Lausøyre“. Fridtjov segjer: „Ein Ting er dat, som kann draga til Fredgjerd imillom oss, og dat er Byrdnad fyre dei fyrre Frendarne[3] vaare; men ingen Truleike vilja dessa Broderne syna oss. No vil eg hava dei Skilordi, at alle vaare Eigodomar skulo vera i Fred, medan eg er burte“. Og dat vardt honom lovat og tilsvoret med Eid. Fridtjov gjorde seg laus til Utferdi og valde seg djerve og duglege Folk til Fylge, so dei vaaro atjan Menner saman. Mennerne hans spurde honom, um han inkje fyrst vilde fara til Kong Helge og sættast med honom og bidja av seg Balders Reide. Fridtjov svarade: „Dan Lovnaden skal

---

[1]) Avl: Styrke (til aa slaast). — [2]) do, same som døydde. — [3]) Frende var brukt um alle Ættingar, soleides og um Fader og Son. „Dei fyrre Frendarne vaare“ er = vaare Foreldre.

eg gjera, at eg aldri skal bidja Kong Helge um Fred;" og daretter gingo dei um Bord paa Ellide og hildo ut igjenom Sognafjorden. Men daa Fridtjov var heiman faren, sagde Kong Halfdan til Helge, Broder sin: „Dat skulde vera ein Tilstyrknad fyre Stjorni[1] vaar, um Fridtjov kunde faa nokon Hemn fyre Forbroti sine; no skulde mid brenna Garden hans og gjera ein Storm paa honom sjølv og Mennerne hans, so dei aldri kunde bergast". Helge sagde, at dat var inkje annat til. Sidan brende dei upp heile Garden paa Framnes og rænte alt Godset darifraa, og sidan sende dei Bod etter tvo Seidkjeringar,[2] som heitte Heid og Hamglom, og gaavo deim Pening til, at dei skulde senda so stort eit Vedr aat Fridtjov og Folket hans, at dei alle skulde forkomast i Havet. Og Trollkjeringarna komo og gjorde Seiden og sette seg paa Hjellen med sine Galdrar og Gjerningar.

6. Fridtjov fer til Orknøyarna.

Men daa Fridtjov og Sellarne hans komo ut or Sogn, so kom dat paa deim eit kvast Vedr og ein stor Storm; dat vardt myki Storbaara, og Skipet gjekk hardla sterkt; for dat var myket lettgjengt og dat beste, som i Sjo kunde koma. Daa kvad Fridtjov ei Visa:

Brædde Byrvinds-Soten[3]
burt or Sogn eg styrde,
medan Møyarna nøytte
Mjød i Baldershagen.

---

[1]) Stjorn: Styrnad, „Regjering". — [2]) Seid var ein Trollskap elder Galder til aa gjera Ulukkor paa Folk. Dartil „Seidbjell" um Stetti, som dei saato paa, naar dei skulde trolla. — [3]) D. e. Skipet. I desse Verst skal vera tri Rimbokstavar, tvo i dan eine Lina og ein i dan andre. Stundom er dat tri Ljodstavar (Vokalar), og daa skulo dei helst vera ulike; soleides her i sidste Fjordungen: oss, unna, Elliden.

Her teker Storm aa herdast,
heima giv Bruder trivast
dei som oss vilja unna,
um so Elliden fyllest.

Bjørn sagde: „Dat hadde voret væl, um du endaa skulde hava nokot annat til aa orka en aa kveda um desse Moyarna i Baldershagen“. „Inkje vil no dat verda mindre fyre dat“, sagde Fridtjov. Daa slog Vinden deim nord til Sundi nær ved dei Oyarna, som heita Solunder;[1] og daa var Vedret dat hardaste, som dat hadde voret. Daa kvad Fridtjov:

Fælt teker Sjoen aa svella,
og svarta Skyer kjøva;
visst er dat gamle Galdrar,
som Gjelv[2] i Sjoen valda.
Inkje skal eg med Ogen[3]
i eit Ovvedr berjast.
Seggir, lat Solund-Oyar
svell-umlagda oss liva.[4]

Daa lagde dei inn under Solund-Oyarna og etlade seg til aa bida dar; men so snogt som dei vaaro dar komne, so spaknade Vedret av. Daa skundade dei seg og snudde um og hildo ut ifraa Oyom; daa tykte dei, at dat saag vænt ut med Ferdi deira, for dei hadde ein høveleg Byr ei god Stund fram etter; men sidan tok dat til aa kvessa paa med Vinden. Daa kvad Fridtjov:

Dat var fyrr
paa Framnes heima,
ofta paa Vitjing
til Ingebjørg eg rodde.

---

[1]) Solund, dat same som Sulen. — [2]) Sjoarburd, Tung-Alda. — [3]) Oge (Ogje, Ogir) er Sjoen; ogso dan Guden, som raadde fyre Sjoen. — [4]) verja. Dat fyrre Ordet er i Fornskrifti „svellvikadar“,* ɔ: makade med Is (?), elder: umskapade til Is-Møyar (Svellviv).

No skal eg sigla
i svale Vedret;
lett undan Land
skal Langdyret[1] laupa.

Og daa dei komo langt undan i Havet, daa ukyrradest[2] Sjoen offsalega paa nytt Lag, og dat vardt ein stor Storm med slikt eit Fok og Rok, at ein inkje saag fraa dan eine Stamnen til dan andre, og Sjoen gjekk yver Skipet, so dei luto ausa stodt og stendigt. Daa kvad Fridtjov:

Ingen til Folk ser atter,
ut i Brim er mid komne,
fræge Fylkes Drengir,[3]
fyre forgjorde Vedret.
Langt er Solund or Syne,
standa muno mid alle
atjan Mann i Austren,
som Elliden skulo verja.

„Han møter misjamt, som vida fer", sagde Bjørn. „So er dat vist, Fostbroder," sagde Fridtjov, og sidan kvad han:

Helge raader, at ramma
rimfaksa Baaror vaksa.
D'er annat en Brud hin bjarte
i Baldershagen kyssa.
Ulikt mun dei meg unna
Ingebjørg og Kongen;
helder vilde eg, hennar
Hug for mi Gjæva[4] raadde.

„Dat maa vera", segjer Bjørn, „at ho unner deg betre en dat, som no er; men no hjelper dat inkje aa vera illa ved". Fridtjov sagde, at no var dat Raad til aa røyna gode Fylgesmenner, um dat endaa hadde voret blidare i

---

[1]) Skipet. — [2]) Av kyrr („kjørr"), d. e. spak, roleg. — [3]) Same som Stridsmenner. Fylke er baade ein Landsbolk og ein Mannskare, helst um Menner som ero radade elder skarade (fylkte) til Strid. Heiter og Fylking. (Av Folk). — [4]) Gjæva: Lukka, Lagnad.

Baldershagen. Daa budde dei seg til atter og bergade seg mannelega; for dar var rauste Menner samankomne, og Skipet var dat beste, som voret heve i Nordlondom. Fridtjov kvad ei Visa:

Ingen til Folk ser atter,
ut i Hav er mid komne;
beile Sjoen meg synest
som i Eldmyrja saag eg;
kvässe, kvite Skavlar
kvelva i Haug seg saman;
illa er Elliden ruggad
i offalega Baaror.

Daa kom dat slike Aafall og Brotsjoar paa deim, at dei stodo alle i Austren.[1] Fridtjov kvad:

Her verda drjuge
Drykkir skjenkte.
Skal eg søkkja
i Svana-Brekka,[2]
kløkkjast vil dar auster
dan unge Møyi,
dar som Blæjor
paa Bleiki laago.

Bjørn sagde: „Trur du, at Sygna-Møyarna fella manga Taaror etter deg"? Fridtjov sagde: „Dat tenkjer eg vist, at dei gjera". Sidan lagde Sjoen aat Stamnen, so han fall i Fossom inn; men daa kom dat væl ved, at Skipet var so godt, og Fylgesmennerne so hardbalne innanbords. Daa kvad Bjørn ei Visa:

Ei er dat, som Kvende
Øl og Mjød deg sende,
elder Bækjor bjarta
vilde med deg garta.

---

[1]) „Standa i Austren" kann hava tvo Tydingar, anten: standa i Sjo innanbords, elder: standa og ausa. Dan fyrste er dan, som mid ero mest vane til, men dan andre synest her vera dan rette. — [2]) Svanabrekka er eit Namn paa Baara.

Saare verda Augo
av salte Laugo,
svida Augnakvarmar,
sovna sterke Armar.[1]

Asmund svarade: „Dat sakar inkje, at did faa røyna Armarne; for did vilde inkje vaarkunna[2] oss, daa mid gnikade oss i Augom, daa did stodo so tidlega upp i Baldershagen fyre nokor Tid sidan". „Men kvifyre kved du inkje, Asmund?" sagde Fridtjov. „Inkje skal dat vera ufreistat," sagde Asmund, og darmed kvad han ei Visa:

Her vardt Soping um Sigla,
daa Sjo paa Skipet dunde.
Orka jamt med aatta
innanbords fekk eg vinna.
Dælare var dat til Dyngja
Dagverd aat Kvendom bera[3]
en som Elliden ausa
i slik ovstygg Baara.

„Du segjer fulla inkje mindre um Hjelpi di, en ho er", sagde Fridtjov og log; „men dat var inkje fritt fyre, at du braadde[4] paa Træla-Ætti, daa du tenkte paa aa starva med Matreidsla". Daa voks Vedret paa nytt, so at Sjoskavlarne brakade paa alla Sidor aat Skipet og syntest likare til store Nipor og Fjell en til Baaror, fyre deim som paa Skipet vaaro. Daa kvad Fridtjov:

Sat eg paa Bolstret
i Baldershagen;
kvad eg dat, eg kunde,
aat Konungs Dotter.

---

[1]) Denne Visa heve ogso Ende-Rim i Fornskriftt. — [2]) Orsaka, „tykja Synd um ein"; eigenlega hava Medkjensla elder Samhug (Sympathie) med ein. Heiter og vaarkynna. — [3]) D. e. dat var hyggjelegare aa bera Mat (Dogurd, „Dugur") til Kvendestova (Dyngja). — [4]) Braa paa: likjast nokot, hava ein Snev av.

No skal eg røynlegt
i Raan-Seng[1] stiga,
og so skal ein annan
Ingebjørg hava.

Daa sagde Bjørn: „No er dat stor Kvida fyre, Fostbroder, og no er dat Modløysa i Ordi dine, og dat er illa fyre so god ein Dreng". Fridtjov segjer: „Dat er korkje Kvida elder Modløysa, um eg kved um Gamanferderna vaara; men dat kann vera, at dat verd oftare rødt um deim, en som Torv er til. Eg tenkjer, at dei fleste vilde tykjast vissare um Daude en Liv, naar dei hadde voret so ute komne som mid; men endaa skal eg svara deg nokot til", sagde han og kvad:

Meste Mun hev eg fenget,
meg, inkje deg, dat hende:
millom Ambaatter[2] aatta
med Ingebjørg aa tingast.
Lagde mid brende Baugar[3]
i Baldershagen saman;
ingen var Hovding heima
som Halfdans Garden varde.

„No lyt ein una med slikt, som ein heve fenget, Fostbroder"; sagde Bjørn. Daa kom dat ein Brotsjo so stor, at han slog Vigi[4] og baade Halsbordi ifraa og slog fjore Menner utbyrdes, og dei komo alle burt. Daa kvad Fridtjov:

Baade Halsar brusto
i Baara dan store;
fjore Sveinar sukko
i Sjoen ugrunne.

„No tykjer eg", sagde Fridthjov, „at dat er Von til, at nokre av vaare Menner muno fara til Raan; naar mid

---

[1]) Raan er Kona til Havguden Oge. Hennar Seng (Raan-Bed) er so myket som Havsbotnen. — [2]) Ambaatt: Terna, Taus. I fyrre Tider: Trælkvende. — [3]) Baug: Ring. Brende Baugar: Ringar av brent Gull. — [4]) Vige: Slagbord(?)

no koma dar, so sjaa mid inkje so ut, som dat hover til Sending, utan mid bua oss nokot mannelega; dat tykjer meg vera raadelegt at kvar Mann skal hava nokot Gull paa seg". Daa tok han Ringen, Gaava hennar Ingebjørg, og hogde honom i sunder og skifte med Mennerne sine, og kvad ei Visa:

Raudan Ring skal eg hogga,
som rike Konungen aatte,
Fader til Halfdan fordom,
fyrr en Ogen oss fangar.
Syna skal Gull paa Gjestom,
um Gisting mid maa turva;
slikt kann Fagnafolk søma,
som Salen hjaa Raan skal vitja.[1]

Daa mælte Bjørn: „Inkje er dat no vissa Voner til slikt, og inkje er dat myket orventes". Daa merkade Fridtjov og hine med, at Skipet gjekk sterkt og skaut myket fram, men dat var deim ukunnigt, kvart dat bar, av di at Kov og Myrkr lagdest um deim paa alla Sidor, so ein saag inkje stamna=millom, og dartil Ovvedr og Sjodriv med Frost og Fok og fæleleg Kulde. Daa steig Fridtjov upp i Mastri, og daa han kom nedatter, sagde han til Sellarne sine: „Dar saag eg ei myket undarleg Syn: dat var ein stor Kval, som lagde seg i Ring um Skipet; eg heve ei Von um, at mid maa vera komne nær under eit Land, og at han vil bægja oss burt ifraa Landet. Eg vonar, at Kong Helge heve inkje lagat dat myket vinlega fyre oss, og at han inkje heve sendt oss nokor Vinasending. Eg ser tvo Kjeringar paa Ryggen aat Kvalen, og dei er dat vist, som valda denne Ufredar=Stormen med sin styggaste Seid og Galder. Men no skulo mid røyna, kvat som mest skal vinna, anten Hemin=

---

[1]) Oge og Raan: Havkongen og Havdrotningi, ero fyrr umtalade. — [2]) Heming („Hæming"): Lukka, Heppna.

gen[2] vaar elder Trollskapen deira; no skulo did styra beinaste aat deim, og eg skal taka Lurken og berja desse Uvætti". Og so kvad han ei Visa:

Ser eg Trollkvende
tvau paa Baara;
deim heve Helge
heiman sendt oss;
deim skal Elliden,
aader[1] han hamnar,
snida Ryggen
sunder i Midja.

So heve voret sagt, at dei Medkvædi hava fylgt Skipet Ellide, at dat kunde skyna Manns Maal. Daa sagde Bjørn: „No maa Folk sjaa, kvat Dygd[2] dessa Broderne hava vist oss". Daa sette Bjørn seg til Styret, men Fridtjov treiv ein Lurk og ljop i Framstamnen, og daa kvad han ei Visa:

Laup du, Ellide,
med Lukka paa Baara;
brjot i Trollkvendi
Tenner og Enne,[3]
Kinner og Kjakar
i Kjeringi vonde,
ein Fot elder tvo
av Fyrkjom desse.

Sidan skaut han Lurken i dan eine Hamløypa,[4] men Understemnet av Elliden kom paa Ryggen paa dan andre, og Ryggen brotnade i deim baada tvo; men Kvalen sette aat Kavet[5] og rende undan, og sidan saago dei honom inkje atter. Daa tok Vedret til aa spakna, men med Skipet var dat knapt so myket, at dat marde uppe.

---

[1]) Aader, dat same som: fyrr, forr en. — [2]) Dygd tyder her: Truskap, Hollskap. Av dygg: holl, god, aalitande. — [3]) Enne: Skalle. — [4]) Hamløypa: Trollkvende, som skifter Hamen elder gjerer seg ein ny Skapnad. — [5]) Han stokk undan ned i Djupet.

Daa ropte Fridtjov paa Mennerne sine og bad deim ausa upp Skipet. Bjørn sagde, at dat var inkje verdt aa starva med di. „Vara no du deg fyre Modloysa, Fostbroder“, segjer Fridtjov; „dat heve fyrr voret Sedvane hjaa gilde Drengir, at ein gjerer Hjelp, so lenge som ein orkar, um dat er uvist, kvat som etter kjem“. Fridtjov kvad ei Visa:

Inkje turva Drengir
fyre Dauden kvida.
Vere no glade,
Gluntarne mine.
Dat muno visa
vaare Draumar,
at eg mun endaa
Ingebjørg eiga.

Daa auste dei upp Skipet, og daa vaaro dei komne nær under Land; men endaa kastade Stormen seg imot deim. Daa tok Fridtjov endaa tvo Aarar i Halsromet og rodde helder sterkt med deim. Daa klaarnade Vedret, og daa saago dei, at dei vaaro komne fyre Evjosund (i Orknøyom), og dar toko dei Land. Fylgesmennerne vaaro myket mode og mesta dæste;[1] men Fridtjov var so frøken, at han bar upp aatta Menner fra Flodarmaalet, og Bjørn bar tvo, og Asmund ein. Daa kvad Fridtjov:

Upp til Eldsto
eg heve boret
dæsande Drengir
i Drivo-Vedret.
No er eg paa Sanden
med Seglet komen.
Inkje er Havs-Megni[2]
døgleg aa røyna.

---

[1]) Dæsa tyder no stundom: forkomast elder døya av Uvedr og Frost; men dan gamle Tydingi er: trotast, ormegtast, vera nær ved Dauden av Vaas og Møda. — [2]) Megn: Styrke, Magt. — døgleg: lett. Tanken er: Dat er inkje blidt aa prøva Styrke i Strid med Havet.

7. Fridtjjov kem til Angantyr Jarl i Evja.

Angantyr var i Evja, daa Fridtjov kom aat Landet med sitt Fylge. Dat var hans Sed, naar han sat med Drykken, at ein Mann skulde sitja ved Ljoren paa Drykkjostova hans og snu seg imot Vedret og halda Vord;[1] han skulde drikka av eit Dyrshorn, og naar dat eine var ordrukket, var eit annat fylt. Dan Mannen heitte Hallvard, som daa heldt Vord, naar Fridtjov kom i Land. Hallvard saag Fridtjov og Folket hans koma farande og kvad ei Visa.

Seks ser eg ausa,
sjau ser eg roa
paa Elliden ute
i Offa-Vedret.
Likt er dat i Stamnen
dan stridkvate
Fridtjov frøkne
som fram fell med Aarar.

Og daa han hadde drukket or Hornet, kastade han dat inn um Skjaaen[2] og talade til dan Kona, som gav Drykken:

Tak upp or Golvet,
gangfagre Kona,
dat kvelvande Hornet;
heve eg or di drukket.
Folk eg ser paa Sjoen,
av Sjorok mode;
Hjelp dei turva hava,
fyrr Hamni dei finna.

Jarlen høyrde, kvat Hallvard kvad, og spurde honom um Tidende. Hallvard segjer: „Her er komne nokre Menner

---

[1]) Elder Vard, d. e. Vakt, Umsyn. — [2]) Skjaa er Luka paa Ljoren i Taket; no er han ofta av Glas, men fyrr var han alltid av ei Skinna (or ei Kuvomb), som er so blank, at dat lyser igjenom henne.

til Lands og dei ero myket dæste og vaastrøytte; eg trur, at dat er gilde Drengir, og ein av deim er so raust, at han ber dei andre paa Land". Daa mælte Jarlen: „Gange no imot deim og take mot deim sømelega, um dat kanskje er Fridtjov, Son til Torstein Herse,[1] Vinen min; for han er ein Frægdar-Mann i alle Hævskapar." Daa tok ein Mann til Orda, som heitte Atle og var ein stor Viking;[2] han sagde: „No skulo mid røyna dat, som heve voret sagt, at Fridtjov heve gjort dan Lovnaden, at han inkje skal bidja nokon fyrst um Fred". Dei vaaro tio saman, ille og nærsokne Menner, og gingo ofta Berserkagang.[3] Daa dei no møttest, so toko dei til Vaapni sine, og daa mælte Atle: „No er dat beste Raadi, Fridtjov, at du snur deg imot oss; for (som Ordtoket lyder): aatsnudde skulo Ørnerne kloast[4] med os, Fridtjov; no er dat ogso Raad til aa fylla Ordi sine og inkje tala fyrst um Fred." Fridtjov snudde imote deim og kvad ei Visa:

Did kunna inkje
kuga oss endaa,
ottafulle . .
Øyarskjeggjar.
Fred bid eg inkje um,
fyrr mun eg ganga
einsleg til Ufred
med alle tio.

Daa kom Hallvard til og sagde: „Dat vil Jarlen, at did skulo alle vera vælkomne, og her skal ingen leita paa dikkor." Fridtjov sagde, at dat vilde han gjerna taka

---

1) Hersar vaaro Hovdingar i eit elder annat Fylke og stodo fyre ei Avdeild av Stridsfolket. Herse er mindre en Jarl. — 2) Vikingar foro i smaa Ferdalag og herjade og rænte i ymse Rike. — 3) Berserkar vaaro dei villaste Stridsmenner. Dei vordo stundom so uppøste og galne etter Draap, at dei gingo i Ørska og inkje kunde styra seg: dat heitte Berserkagang. — 4) Ordtoket lyder eigenlega so: Ondverdir skulo ernir kloast.

imot, men ellerst var han buen til baade Slagi. Sidan gingo dei til Møtes med Jarlen, og han tok væl imot Fridtjov og alle hans Menner, og sidan vaaro dei dar med honom um Vetteren og vaaro væl vyrde av Jarlen. Han spurde deim ofta um Ferderna deira, og Bjørn kvad ei Visa:

Auste mid paa baade
Bordom glade,
medan svale Sjoen
slog yver Ripi.
Tio Døger
og dartil aatta
laut Marvaden mødast
med meinsama Baaror.[1]

Jarlen mælte: „Helge Konung heve gjenget dikkor hardla nær, og illa voret er dat med slike Kongar, som inkje duga til annat en aa forkoma Folk med Trollskap. No veit eg og", segjer Angantyr, „at dat er di Ærend hit, Fridtjov, at du er send etter Skatt, og dar skal eg giva skjott Svar, at Kong Helge skal ingen Skatt af meg faa; men du skal hava Lausepening av meg, so myket som du vil, og dat kann du kalla Skatt, um du vil, og med eit annat Namn, um du helder vil dat". Fridtjov sagde, at han vilde taka mot Peningen.

8. Kong Ring fær Ingebjørg.

No skulo mid segja, kvat som hendest i Norig, fraa di at Fridtjov var burtfaren. Brøderne (Helge og Halfdan)

---

[1]) I Fornskrifti: „marvaða møddu Raanar jod"; dat er: Borni hennar Raan (d. e. Baarorna) mødde Marvaden (d. e. Skipet). Baarorna heita ofta „Oges Døtter„ og „Raanar Døtter", i gamle Kvæde. „Marvade" er dan som skal vada i Maren (d. e. Sjoen), og dat er eit høvelegt Namn paa eit Skip.

leto brenna heile Garden paa Framnes. Men daa dessa Systerna (som fyrr ero umtalade) vaaro aat med Seiden sin, so dotto dei ned av Seidhjellen, og darmed brotnade Ryggen i deim baada. Denna Hausten kom Kong Ring nord til Sogn til Bryllaupet sitt, og dar var haldet ei stor Veitsla, daa han drakk Bryllaup med Ingebjørg. „Kvadan er dan gode Ringen komen, som du heve paa Handi," sagde Kong Ring til Ingebjørg. Ho sagde, at Fader hennar hadde aatt honom. Han svarar: „Detta er Gaava hans Fridtjov, og dan skal du taka av Handi strakst; for dat skal inkje skorta deg Gull, naar du kjem til Alfheim." [1] Daa gav ho Ringen fraa seg til Kona hans Helge (Broder hennar), og bad henne giva Fridtjov Ringen, naar han kom atter. Sidan for Kong Ring heimatter med Kona si og lagde myken Elskug til henne.

9. Fridtjov kjem heim.

Um Vaaren daretter for Fridtjov fraa Orknøyom, og han og Angantyr skildest med Kjærleike. Hallvard, som fyrr er nemnd, for og i Fylge med Fridtjov. Men daa dei komo til Norig, fingo dei spyrja, at Garden hans var uppbrend, og daa han kom til Framnes, mælte Fridtjov: „Svortnat hava Heimboli her, og inkje er dat Viner, som her hava faret yver." Daa kvad han ei Visa:

Fyrr mid drukko
med Fader min
her paa Framnes
frøkne Drengir.
No ser eg gamle
Garden uppbrend.

---

[1]) Dette Namnet høver inkje til dat, som fyrr er sagt; for Alfheim var langt i f[illegible] Ringarike, umkring som ved Fredrikshall.

Odlingom [1]) heve eg
ilt aa løna.

Daa spurde han Raad med sine Menner, um kvat dei no skulde taka seg til, men dei baado honom sjølv aa fyre sjaa; og han sagde, at han fyrst vilde greida Skatten av Hondom. Sidan rodde dei yver Fjorden til Syrstrand, og dar spurde dei ut, at Kongarne vaaro i Baldershagen ved Disa-Blotet. [2] Dar gingo Bjørn og Fridtjov upp, og daa bad han Hallvard og Asmund og dei andre, at dei skulde brjota alle Skipi, baade store og smaae, som dar vaaro i Nærmundom, medan han var dar uppe; og so gjorde dei. Sidan gingo Fridtjov og Bjørn aat Dyrrom i Baldershagen; Fridtjov vilde ganga inn, men Bjørn bad honom fara varlega, daa han vilde ganga inn einsaman. Fridtjov bad honom vera ute og halda Vord medan, og kvad ei Visa:

Einsleg vil eg ganga
inn til Garden;
litet Lid [3] eg tarv til
aa Lovdungar [4] finna.
Kjem eg inkje
atter mot Kvelden,
so kveikje did Eld
i Konungs Garden.

„Detta er væl kvedet“, segjer Bjørn. Sidan gjekk Fridtjov inn og saag, at dar var faatt Folk i Disarsalen; Kongarne vaaro aat med Disa-Blotet og saato ved Drykkja; dar var Eld i Gruva paa Golvet, og Konorna deira saato ved Elden og bakade Gudarne, og sume smurde deim og turkade deim med Dukar. [5] Fridtjov gjekk fram fyre Kong

---

[1]) Odlingar elder Odlingar er eit Namn paa Kongar. — [2]) Disablot: Offring til Gudarne, og serlega til Gudvivi (Diserna). — [3]) Fylge, Hjelp. — [4]) Lovdung: Konung. — [5]) So upptakande, at dei hadde Likneskjor elder Bilæte av Gudom, som dei smurde (med Olje elder nokot slikt) og turkade sidan yver Elden.

Helge og sagde: „No vil du væl hava Skatten", og med dat same reidde han upp Pungen, som Sylvet var i, og lagde honom i Naserna med Pungen, so at dat stokk or honom tvo Tenner, og han fall i Uvit i Høgsætet, men Halfdan greip til honom og heldt, so han inkje fall i Elden. Daa kvad Fridtjov ei Visa:

Tak imot Skatten,
Sygna Drotten,
med fremste Tonnom,
soframt et meir du krever.
Sylv er paa Botnen
i Belgen denne,
som Bjørn og eg mid hava
baade til raadet.[1]

Dar var faament i Stova; for Folket sat og drakk paa ein annan Stad. Men daa Fridtjov gjekk utar yver Golvet, saag han dan gode Ringen sin paa Handi aat Kona hans Helge, daa ho bakade Balder ved Elden. Fridtjov tok i Ringen, men Ringen stod fast paa Handi hennar, so han drog henne etter Golvet utar aat Dyrri, og Balder datt ned i Elden. Kona hans Halfdan greip etter henne, og daa fall dan Guden ut i Elden, som ho hadde bakat; no farade Elden i baade desse Gudarne, som nyst vaaro smurde, og darifraa slog han upp i Raavet,[2] so at Huset logade. Fridtjov fekk daa Ringen sidstpaa, fyrr en han gjekk ut. Daa spurde Bjørn, kvat som havde vordet til Tidende, medan han var inne; men Fridtjov heldt upp Ringen og kvad ei Visa:

Hogg fekk Helge, daa Posen
høvdest paa Fanta-Nosi;
hardt or Høgsæte ovan
Halfdans Broder stupte.

---

[1]) Raada til, er same som: syta til, heimta, føra til Vega. — [2]) Raav: Tak paa eit Hus. Heiter og Ræve.

Dar laut Balder brenna,
men Baugen aader eg naadde;
sidan fraa Elden usein
ut eg Føterne bøygde.

Dat segja Folk og; at Fridtjov hadde vundet ei Eldskida upp under Raavet, so at heile Salen logade; og so kvad han ei Visa:

Stunda mid til Strandi,
stort raada mid sidan;
for blaae Logen baukar
i Baldersbagen i Midja.

Og etter detta gingo dei ned til Sjoen.

10. Fridtjov fer ut or Landet.

So snart som Kong Helge raknade ved,[1] bad han Folk fara radlega etter Fridtjov og drepa heile Ferdalaget hans. „Dan Mannen heve fulla fyregjort sit Liv, som livde[2] ingen heilag Stad," sagde han. Daa var dar blaaset i Ludr, at Hyrdi elder Kongsfylget skulde koma saman; og daa dei komo ut aat Salen, saago dei, at han logade; daa for Kong Halfdan dartil med sumt av Folket, men daa vaaro dei alt komne paa Skipet og leto dat rugga fraa Land. No fann Kong Helge og hans Folk, at alle Skipi deira vaaro meidde,[3] so dei luto leggja aat Land atter, og nokre Menner letost[4] med. Daa vardt Kong Helge so reid, at han var reint avskapad; han tok daa Bogen sin og lagde Or[5] paa Streng og skulde skjota paa Fridtjov, og bende Bogen med so myken Styrke, at baade

---

[1]) rakna ved: raada ved seg, koma seg etter eit Uvit. (Heiter sumstad: raknast med seg). — [2]) Livde: sparde. — [3]) Meidd: skadad, hoggen. — [4]) letost: leto Livet, druknade. [5]) Or, elder Ør: Pil (til Bogaskot).

Bogahalsarne smollo i sunder. Men daa Fridtjov saag dat, sette han seg til med tvo Aarar paa Elliden og drog deim so fast, at dei brotnade baada, og daa kvad han denne Visa:

Kyste eg dan unge
Ingebjørg
Beladotter
i Baldershagen.
So skulo Aarar
paa Elliden
baada bresta
som Bogen hans Helge.

Sidan tok dat til aa gusta og blaasa innan etter Fjorden, og daa vundo dei upp Seglet og siglde. Fridtjov sagde deim, at dei skulde bua seg soleides til, at dei inkje skulde dveljast dar fyre nokor Lengd. Sidan siglde dei ut etter Sognafjorden, og daa kvad Fridtjov ei Visa:

Ut or Sogn mid siglde;
sidste Gong mid foro,
leikade Elden yver
Odalstufter vaara.
No teker Baal aa brenna
Baldershagen i Midja;
di fær eg Varg i Veom[1]
(vist eg veit dat) heita.

Bjørn mælte til Fridtjov: „Kvat skulo mid no taka oss fyre, Fostbroder?" — „Inkje vil eg vera her i Norig (sagde Fridtjov); no vil eg kannast med Hermanna-Sed og fara i Vikingaferd." Sidan foro dei og kannade[2] Oyar og Utskjer um Sumaren, og avlade seg baade Gods og Gitord;[3] men um Hausten hildo dei til Orknøyarna og vordo væl mottekne hjaa Angantyr Jarl og saato dar um

[1]) Ve er vigde Stader elder Heilagdomar. „Varg i Veom" skulde dan heita, som hadde gjort Skade paa ein heilag Stad — [2]) kanna: ransaka, skoda, gjera seg kjend med. — [3]) I Gamle-Maalet „Fe og Frægd." Fe er Gods, Eigodom; Frægd er Æra.

Vetteren. Men daa Fridtjov var faren or Norig, daa hadde Kongarne Tingstemna og gjorde Fridtjov utlæg [1] fyre alle sine Rike og lagde under seg alla hans Eigner. Kong Halfdan busette sig daa paa Framnes og bygde uppatter Garden fyre dat, som han var brunnen, og lika eins botte dei uppatter heile Baldershagen. Dat var lenge, fyrr en Elden vardt sløkt; og dat tykte Kong Helge verst, at Gudarne vaaro uppbrende; og dat vardt myken Kostnad, fyrr en Baldershagen vardt uppbygd til fulles, so han var jamgod som fyrr. Konge Helge hadde no sitt Sæte paa Syrstrand.

11. Fridtjov lydest til Kong Ring.

Fridtjov hadde god Lukka til aa faa baade Eign og Æra, kvar som han for fram. Han drap Illmenne og grimdarfulle [2] Vikingar; men Bonder og Kaupmenner let han vera i Fred. Daa var han paa nytt kallad Fridtjov hin frøkne; dat hadde samnat seg til honom myket Folk, som var baadeført og fagert; og so var han og vorden myket rik paa Lausoyre. Men daa Fridtjov havde voret tri Vettrar i Viking, for han austan til og lagde inn i Viki (d. e. Oslofjorden). Daa sagde Fridthjov, at han sjolv vilde ganga i Land, men hine skulde fara ut atter og vera i Vikingaferd um Vetteren. „Eg tek til aa leidast av denne Vikingaferdi", sagde han, „og no vil eg fara til Upplandet og finna Kong Ring og tala med honom; men did skulo koma atter og vitja meg her til Sumaren, og daa skal eg vera komen her til fyrste Sumardagen." Bjørn segjer: „Denne Raadagjerdi er inkje visleg, men dat lyt du raada

---

[1]) Utlæg: utvist or Landet, fredlaus. — [2]) Grimd er Illska, Vondlynde. Av grimm: hardhjartad, meinhard. (Svensk grym).

fyre sjølv; no vilde eg, at mid skulde fara nord til Sogn og drepa Kongarne Helge og Halfdan". Fridtjov segjer: „Dat er til inkje Gagn; helder vil eg fara og finna Kong Ring og Ingebjørg". Bjorn segjer: „Dat er eg nokot ufus [1] til, at du skal vaaga deg einsaman under hans Vald; for Kong Ring er baade storættad og klok, um han endaa er nokot gamall". Fridtjov sagde, at han vilde raada, „og so skal du, Bjørn, raada fyre Folket vaart medan". Dei gjorde, som han bad deim, og Fridtjov for til Upplandet um Hausten; for han forvitnadest aa sjaa, kvat Elskug som var med Kong Ring og Ingebjørg. Men fyrr en han kom dartil, for han i ei stor Kufta, som var lodi all igjenom; dan hadde han paa seg utanpaa Klædom, og dartil hadde han tvo Stavar i Hondom og ei Grima [2] fyre Andlitet, og skapade seg til som ein gamall Kall. Sidan hittade han nokre Gjætarsveinar; daa gjorde han seg bljug og smaalaaten, og spurde deim: „Kvar ero did ifraa?" Dei svarade: „Mid hava heima paa Streitoland i Kongsgarden". Kallen spurde: „Er han Ring ein rik Konung?" Dei svarade: „Dat synest oss, at du mun vera so gamall, at du maatte hava Vitende um, for Kong Ring kann vera paa Lag i alle Maatar". Kallen sagde, at han hadde tenkt meir paa Saltbrenning end paa Konunga-Seder. Sidan gjekk han heim i Tunet, og daa dat leid ut paa Dagen, gjekk han inn i Halli (dar Kongen var), og saag daa ut baade klen og kuren; han stadnade utarlega paa Golvet og stoypte Hetta si nedyver Hovudet og dulde seg. Kong Ring sagde til Ingebjørg: „Dar gjekk ein Mann inn i Halli, som var myket større en andre Menner." Drotningi svarade: „Dat er litet til Tidende, for slikt hender ofta her." Daa talade Kongen til Teneste-

---

[1]) Ufus: traud, uviljug. — [2]) Grima: Skyle, Skygge (Maske).

sveinen, som stod fyre Bordet: „Gakk og spyr honom Kuftemannen, kven han er, og kvadan han kom, elder kvar han er ættad ifraa“. Sveinen gjekk utar paa Golvet til Komomannen [1] og mælte: „Kvat heiter du Mann, elder kvar var du i Natt, elder kvar heve du Ætti di?“ Kuftemannen svarade: „Dat gjeng tidt paa med dine Spurningar, Svein; men kann du gjera nokor Grein paa dat, um eg segjer deg alt detta?“ Sveinen sagde, at dat maatte han væl kunna. Kuftemannen segjer: „Tjov heiter eg; hjaa Ulv var eg i Natt, og i Anger var eg uppfødd“. Sveinen gjekk innar til Kongen og sagde honom Svari fraa Framande-Mannen. Kongen segjer: „Du fører rett fram, Svein; eg veit eit Herad, [2] som heiter Anger; men dat kann og vera, at dat er nokot, som gjerer Mannen sorgall og tung i Hugen; detta maa vist vera ein vitug Mann, og eg tykjer dat er myken Mun i honom“. Drotningi segjer: „Dat er ein undarleg Haatt, at du lyster aa tala so drjugt med alle dei Kallar, som her koma, og kvat er dat no verdt med honom?“ — „Inkje veit du dat grannare en eg“, segjer Kongen; „eg ser, at han tenkjer meir, en han talar, og ser seg um baade væl og vida“. Sidan sende Kongen ein Mann etter honom, og Kuftemannen gjekk innar aat Kongen, baade bjug og kroken, og helsade honom helder laagmælt. Kongen sagde: „Kvat heiter du, store Mann?“ — Kuftemannen svarade og kvad ei Visa:

> Fridtjov eg heitte, daa eg
> foor med Vikingom,
> Hertjov ogso,
> daa Enkjor eg grøtte, [3]

---

[1]) Same som Gjesten elder dan nykomne — [2]) Herad (Hæra): Bygdalag. Dat er merkande, at „Angr“ kann og tyda Trongstig og helst ein trong Vaag elder Kil ifraa Sjoen. — [3]) Same som: drap Menner, so at Enkjorna greto.

Geirtjov, daa eg
Gavlok[1] fløygde,
Gunntjov, daa eg
gjekk i Fylking;[2]
Dytjov, daa eg
Utskjeri rænte,
Heltjov, daa eg
hende Smaabornt,[3]
Valtjov, daa eg
var vildaste[4] Mannen.
No heve eg sidan
med Saltkarlom svivet,
turvande Hjelp,
fyrr hit eg kom.

„Mangt er dat, som du heve teket Tjovs Namn av," segjer Kongen; „men kvar var du i Natt, og kvar er Heimstaden din, elder kvar er du uppfødd, og kvat dreiv deg hit?" Kuftemannen svarar: „I Anger var eg uppfødd, hjaa Ulv var eg i Natt, og Hugen dreiv meg hit, men Heimstad heve eg ingen". Kongen sagde: „So maa vera, at du heve voret uppalen nokor Stund i Anger; men dat kann og vera, at du heve voret fødd i Fred;[5] i Skogen mun du hava voret i Natt, for dat er ingen Bonde her i Nærmundom, som heiter Ulv; men naar du segjest hava ingen Heim, so kann dat vera so, at du tykjer honom vera litet verd imot dan Hugen, som du hadde hit". Daa mælte Ingebjørg: „Far til ei onnor Gisting,[6]) Tjov, elder og i Gjesta-Stova." Kongen segjer: „Eg er no so

---

[1]) Gavlok (Gaflok): Spjot, Kastespjot. — [2]) Fylking: Stridsskare. — [3]) Henda er handtaka elder gripa, men er og sagt um ein Sed, som verste Vikingarne brukade, aa taka Smaaborn paa Spjot-Odden og kasta deim. — [4]) Vildaste: beste, gildaste. — [5]) I denne Samtalen ero Utgaavorna nokot ulika; i dan eine heiter dat her: „Dat kann og vera, at du heve voret fødd i ein Fjord". („I firdi" i Staden fyre „i fridi"). — [6]) Same som Gjesting elder Husvære.

gamall, at eg kann skipa Gjesterne her; og far du, Komomann, utor Kufta di, og sit her paa andre Sida aat meg". Drotningi segjer: „No verd du baade gamall og galen,[1] sidan du seter Stavkallar jamsides med deg". Tjov segjer: „Dat høver inkje, Herre, og dat er betr, som Drotningi segjer; for eg er vanare til Saltbrenning en til aa sitja hjaa Hovdingom." Kongen mælte: „Gjer no, som eg vil; for denne Gongen lyt eg faa raada". Tjov støypte av seg Kufta, og under henne hadde han paa seg ein myrkblaa Kjole, og dan gode Gullringen hadde han paa Handi; han hadde og eit digert Sylvbelte kringum seg og dar i ein stor Pung med skire Sylvpenningar; dartil var han umgyrd med eit Sverd paa Sida, og hadde ei stor Skinnhuva paa Hovudet; for han var myket veik i Augom og skjeggjut og loden kringum alt Andlitet. „No segjer eg, at dat hover seg betr," sagde Kongen, „og no skal du, Drotning, lata honom faa ei god Kaapa, som er honom høveleg." „Du skal faa raada, Herre," segjer Drotningi, „men litet finst eg um denna Tjov". Sidan fingo dei honom ei god Kaapa til aa hava utyver seg, og daa sette han seg i Hogsætet hjaa Kongen. Drotningi skifte Litom og vardt blodraud, daa ho saag dan gode Ringen paa Handi hans; men ho vilde inkje tala nokot med honom. Men Kongen var myket kaat og blid med honom og sagde: „Dar heve du ein god Ring paa Handi, og vist heve du lenge brent Salt, fyrr du fekk deg ein slik". „Dat er heile Fader-Arven min", svarade han. „Dat kann vera, at du heve meir en honom," sagde Kongen, „men dat tenkjer eg, at dat er faae Saltbrennar-Kallar, som ero jamne med deg, soframt som inkje Aldren er sigen for myket braadt yver Augo mine".

---

[1]) I Saga: „gamalløra", d. e. faavitug elder fortullad av Aldren.

No var Tjov dar um Vetteren i god Fagnad, og alle Folk vyrde honom væl; han var ogso mild med Peningar og gladvær med alle Folk. Drotningi var myket faamælt med honom, men Kongen var altid glad og kaatleg, naar som dei møttest.

12. Kong Ring fer til Veitsla.

Dat er sagt, at Kong Ring skulde ein Gong fara til Veitsla, og Drotningi og myket Folk skulde vera med. Kongen talade med Tjov: „Kvat vil du helst, anten fara med oss elder vera heima?“ Han sagdest helder vilja fara, og Kongen sagde: „Dat likar meg best“. Sidan ferdadest dei, og daa komo dei til aa fara yver ein Vats-Is; daa sagde Tjov til Kongen: „Denne Isen synest meg vera utraust, og eg tykjer, mid fara uvarlega“. Kongen sagde: „Ofta syner dat seg, at du vil oss væl“. Litlo seinare brast Isen all igjenom; daa sprang Tjov til og kipte aat seg Sleden [1] med alt dat, som i var. Kongen og Drotningi saato i bæde tvau, og alt detta drog Tjov uppaa Isen, og Hesten med, som var fyre beitt. Daa sagde Kong Ring: „Mannelega var detta iteket, Tjov; og inkje kunde Fridtjov hin frokne sjolv hava teket sterkare Tak, um han hadde voret her paa Staden; og slikt, kann ein segja, er frokne Fylgesmenner“. No komo dei til Veitsla, og dar var inkje nokre Tidende til aa segja av; og sidan for Kongen heimatter og fekk gilda Gaavor med seg. No lider hogste Vetteren av, og daa dat vaarast, tek Vedraatta til aa batna; [2] Skogen lauvgast og Graset gror, og Skipi taka til aa skrida landamillom.

---

[1]) I Saga stend „vagn“ (Vogn), og dat kann tyda beint fram: Kjøyrebunad elder Skjotgreida. Men ein kann ogso tenkja, at dei hava kjoyrt i Kjerra paa snjolaus Mark og berre havt eit Sund elder Elvadrag til aa fara yver. — [2]) D. e. Vedret mildast og besnar.

13. Kong Ring fer i Skogen.

Dat var ein Dag, at Kongen talade med Hyrdmennerne[1] sine: „No vil eg, at did fare med meg ut i Skogen i Dag, at mid kunna skjemta oss og sjaa paa dat fagre Lands-laget“. Og so var gjort, som han sagde; og ein heil Manna-Fjølde[2] dreiv saman med Kongen ut i Skogen. No høvde dat til ein Gong, at Kongen og Fridtjov vaaro tvo eine saman i Skogen, langt ifraa andre Folk; daa sagde Kongen, at han tyngde og vilde sova. „Far helder heim daa“, sagde Tjov,“ for dat hover betr fyre ein Hovding en aa liggja ute“. — „Eg orkar inkje so myket“, sagde Kongen, og sidan lagde han seg ned og sovnade fast og raut høgt. Tjov sat nær attved honom; og daa drog han Sverdet sitt or Slidra og fløygde dat langt ifraa seg. Ei Stund daretter sette Kongen seg uppatter, og daa sagde han: „Var dat inkje so, Fridtjov, at dat var mangt, som kom deg i Hugen no? Men du raadde deg væl ifraa dat; og no skal du hava so myket større Vyrdnad her hjaa oss. No vil eg segja, at eg kjende deg strakst dan fyrste Kvelden, daa du kom inn i Halli til oss; og no skal du inkje skiljast so skjott[3] ifraa oss; eg tenkjer og, at nokot stort vil leggjast fyre deg“. Fridtjov segjer: „Væl og vinlega hava did fagnat meg, Herre; men no lyt eg snart fara burt; for Folket mitt kjem braadt no heretter til Motes med meg, som eg heve fyrr avtalat med deim“. Sidan rido dei heim or Skogen, og daa samnadest Kongs-Hyrdi til deim; sidan

---

[1]) Hyrd elder „Hird“ er Kongsfylget elder dei Mennerne, som altid ero hjaa Kongen til aa tena og hjelpa honom. Av hyrda (hirda), d. e. gjæta, vara, verja. (Herav ogso: Hyrde, elder Hyrding, ɔ: Gjætar). — [2]) Fjølde: Mengd, Flokk. — [3]) Skjott: snart.

foro dei heim til Halli og drukko væl. Daa var dat gjort kunnigt fyre Aalmugen, at dat var Fridtjov hin frøkne, som hadde voret dar um Vetteren.

14. Fridtjov fær Ingebjorg.

Dat var ein Morgon tidlega, at dat var dunkat paa Dyrri i Halli, dar Kongen svav [1] og Drotningi og myket annat Folk med. Kongen spurde, kven dat var, som dunkade paa Dyrri. Daa svarade han, som ute var: „Dat er Fridtjov, og no er eg buen til Burtferdi". Daa var Hurdi [2] upplati, og Fridtjov gjekk inn og kvad ei Visa:

No er eg fus aa fara,
men fyrst eg deg vil takka;
du heve gjort som gjævast
Gisting aat Ara-Nistar. [3]
Ingebjørg mun eg minnast,
medan bæde mid liva.
Live ho heil; [4] men henne
Handgull for Kyss eg sender.

Og darmed kastade han dan gode Ringen til Ingebjorg og bad henne hava honom. Kongen smaalog aat denna Visa og sagde: „Dat vardt daa so, at ho fekk betre Takk fyre Vetter-Visti [5] en eg, men endaa heve ho vist inkje voret vinlegare mot deg en eg". Daa bad Kongen Tenestesveinarne sine, at dei skulde setja fram Mat og Drykk, og sagde, at no skulde dei eta og drikka, fyrr en Fridtjov for ifraa deim. „Set deg no upp, Drotning, og ver kaat", sagde han til Ingebjorg. Ho sagdest inkje nennast

[1]) Elder: sov. — [2]) Hurd er same som Dyrr. — [3]) Ara Nistar er dan som lagar Nista (Føda) aat Aren (Ørnen); d. e. Stridsmannen, som giv Ørnen Lik elder Kroppar til aa eta. Tanken er: Du heve gjevet meg dat beste Gjestabald, gjort myket væl imot meg. — [4]) frisk og vælfarande, lukkeleg. — [5]) „Vist" er same som Være (Vering) elder Uppbald. Av dat gamle „vesa" d. e. vera. (Merk: Husvist. Heimvist).

aa eta so tidlega. „No skulo mid eta allesaman", sagde Kong Ring, og so gjorde dei. Men daa dei hadde drukket ei Stund, so sagde Kong Ring: „Her vilde eg, at du skulde vera, Fridtjov; for Sønerne mine ero Born endaa, og eg er gamall og ufør til aa verja Landet, um nokon vilde søkja paa dette Riket med Ufred". Fridtjov svarade: „Fara lyt eg, og braadt og, Herre;" og daa kvad han denne Visa:

Væl og lenge
live du, Konung;
ypparste Hovding
under Heimsskautet! [1]
Njote du væl baade
Viv og Rike!
Ingebjørg og eg skal
aldri finnast.

Daa kvad Kong Ring:

Far inkje so du,
Fridtjov, hedan,
dyraste Døgling [2]
i daper [3]) Hug.
Atter vil eg gjelda
Gaavor dina,
og betre vist, en du
vonar sjølv.

Og endaa kvad han:

Giv eg deg, fræge
Fridtjov, Kona
og dartil all mi
Eiga med.

Fridtjov tok fram i Talen og kvad:

Inkje so goda
Gaavor vil eg taka,
utan du, Hovding,
Helsott kjenner.

---

[1]) Heimsskaut, Skautet paa Heimen (d. e. Verdi, Jordi) er eit Namn paa Nordbimmelen elder Polen. — [2]) Døgling er eit Hovdinga-Namn (oftaste um ein Konung). — [4]) Daper: forgall, sturande.

Kongen sagde: „Eg hadde inkje gjevet deg dat, utan eg visste, at dat var so; men no er eg sjuk, og so unner eg ingen betr en deg aa njota denne Gifta; for du heve Fyremunen fram fyre alle Menner i Norig. No vil eg og giva deg Konungs-Namn; for Brøderne hennar vilja traudare unna deg nokon sovoren Byrdnad, og dei vilja helder inkje festa deg Kona so gjerna som eg“. Fridtjov segjer: „Stor Takk skal did hava, Herre, fyre dikkar Vælgjerd, som er myket større, en eg kunde vona; men inkje vil eg hava større Namnabot en Jarls-Namn“. Kong Ring gav daa Fridtjov Valdet yver dat Rike, som han hadde styrt, og gav honom Handfeste paa dat og dartil Jarls-Namn; so at Fridtjov skulde raada fyre Riket til dess, at Kong Ring's Søner vaaro vaksne og fulføre til aa styra Riket sitt. Kong Ring lagdest ned og laag eit litet Bil, og daa han andadest, vardt dat stor Sorg etter honom i Riket. Sidan var dat uppkastat ein Haug etter honom og mange kostasame Ting ilagde etter hans eigi Fyresegn. Sidan gjorde Fridtjov ei vyrdeleg Veitsla, daa Mennerne hans komo til; og daa var dat drukket alt i ein Gong: Erve etter Kong Ring og Bryllaup til Ingebjørg og Fridtjov. Og daretter sette Fridtjov seg fyre Riket og var halden fyre en stor Frægdar-Mann. Han og Ingebjørg hadde mange Born saman.

15. Fridtjov verd Konung i Sogn.

Kongarne i Sogn, som vaaro Broder til Ingebjørg, fingo fretta denne Tidendi, at Fridtjov hadde fenget Konungs-Vald paa Ringarike og hadde gift seg med Ingebjørg, Syster deira. Daa sagde Helge til Halfdan, Broder sin, at detta var ei stor Visn og formyken Djervskap, at ein Herses-Son skulde gifta seg med henne. Daa sam-

nade dei myket Folk i Hop og foro ut med dat til Ringarike og vilde daa drepa Fridtjov og leggja heile Riket under seg. Men daa Fridtjov vardt kunnig um detta, samnade han Folk til seg, og daa talade han til Drotningi: „No er ein ny Ufred komen i Riket vaart, og kor no han skulde ganga av, so vilde eg inkje sjaa nokot Merke til Uvilje oss imillom". Ingebjørg svarade: „No er dat so komet, at eg maa halda deg fyre dan beste".[1] Daa var Bjørn komen austantil og gav seg i Fylge med Fridtjov. Sidan foro dei ut til Strid, og daa var dat lika eins som fyrr, at Fridtjov var altid fremst i Faaren. Kong Helge kom i Hoggskifte med honom, og Fridtjov gav honom Banasaar. Daa let Fridtjov halda upp Fredskjold, og darmed stadnade Bardagen. Daa sagde Fridtjov til Kong Halfdan: „No er dat tvo store Koster fyri Handi fyre deg: dan eine, at du legg alt under mitt Vald, og dan andre, at du fær Bane likasom Broder din; for no syner dat seg, at eg heve betre Maalemne, en did hava havt". Halfdan tok dan Kosten, at han lagde seg og sitt Rike under Fridtjov. No tok Fridtjov Valdet yver Sygnafylke, men Halfdan skulde vera Herse i Sogn og leggja Skatt til Fridtjov, medan han styrde Ringarike. Sidan var dat gjevet Fridtjov Konungs-Namn yver Sygnafylke, fraa di at han let fraa seg Ringarike til Kong Rings Søner; og dareiter vann han under seg Hordaland. Han havde tvo Søner med Ingebjorg; dei heitte Gunntjov og Huntjov, og dei vordo gilde Menner og myket fyre seg. Og hermed endar Saga um Fridtjov hin frokne.

---

[1]) I dan andre Saga lyder dat so: Daa han frette detta, mælte han til Drotningi: „No hava mid Von til Starv, og kor som dat gjeng til, so vilde eg, at dat inkje skulde mislika deg". Ho svarar: „Med di er dat dartil komet, at du er dan, som eg minst vilde missa".

Følgende ved Selskabet udgivne Skrifter ere tilsalg i P. T. Mallings Forlags-Boghandel i Kristiania:

Læsebog i Naturlæren for den norske Almue af Dr. N. J. Berlin, 1ste, 2den og 3die Udgave Pr.: indbunden 36 Skill.

Sange og Rim for det norske Folk. Samlet og med Anmærkninger ledsaget af O. Vig. (Med Melodier af L. M. Lindeman). Pr.: indb. 60 Skill.

Storbonden og hans Sønner. En Fortælling fra Schwarzwald efter Berthold Auerbachs „Der Lehnhold." Frit oversat af N. Ostgaard. Pr.: heftet i smukt Omslag 72 Skill.

I Aftryk af Folkevennen eller dens Tillægshefter har Selskabet udgivet:

Om Aarsagerne til Arbejdslønnens Forskjellighed af H. Lehmann og **Om Tidens Værd** af O. Vig. Pr.: 3 Skill.

Nogle Ord om Grunddigning (draining). Af H. Jensenius. Pr.: 3 Skill.

Om Behandling af en Husmandsplads eller en kort Beretning om Gudbrand Aasbakkes Jordbrug af C. T. Christensen. 2det Oplag Pr.: 3 Skill.

For fattige Husmødre af Hanna Winsnes. Pr.: 2 Skill.

Af følgende Tillægshefter til Folkevennen haves endel overkomplette Exemplarer tilsalg til vedføjede Priser:

Om den kunstige Fiskeformerelse og **Om Biavlen** af H. Rasch. Pr.: 8 Skill

Korstogene til det hellige Land af H. Brun. Pr.: 16 Skill.

Om Dødeligheden i Norge af Eilert Sundt. Pr.: 30 Skill.

Om Giftermaal i Norge af Eilert Sundt. Pr.: 30 Skill.

Gustav Vasas Historie af And. Fryxell ved M. Birkeland.
Pr.: 24 Skill.
Atlas over alle Jordens Dele. Udgivet af E. Bærentzen & Co.
Pr.: indb. 48 Skill.

Fremdeles sælges enkelte Exemplarer af følgende overkomplette Hefter af Folkevennen:

1ste Aargang: Alle 6 Hefter.
2den Aargang: 1ste, 2det, 4de, 5te og 6te Hefte.
3die Aargang: 2det, 3die, 4de, 5te og 6te Hefte.
4de Aargang: 1ste, 3die, 4de, 5te og 6te Hefte.
5te Aargang: Alle 6 Hefter.
6te Aargang: Alle 7 Hefter.
Prisen for hvert Hefte er 12 Skill. (Dobbelthefter 24 Skill.)



